



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

27.11.2025

Vår ref:

2024/3830

Dykkar dato:

03.10.2025

Dykkar ref:

202205918

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Motsegn - ny søknad om regulering av Selsvatnet - auka slukeevne i Selselva kraftverk - Sunnfjord

Statsforvaltaren fremjar, i medhald av vassressurslova § 24 tredje ledd, motsegn mot søknad om regulering av Selsvatnet. Sjølv om den nye søknaden inneber eit mindre reguleringsinngrep i høve til den første søknaden, vil ei utbygging framleis føre til inngrep i urørt fjellnatur med viktig naturmangfald og friluftsinnteresser. Ei regulering av Selsvatnet vil òg stride mot premissar som ligg til grunn for den eksisterande konsesjonen.

Vi viser til høyringa av ny og endra søknad om å regulere Selsvatnet for å kunne auke produksjonen i Selselva kraftverk.

Bakgrunn

Vi har tidlegare hatt på høyring ein søknad om å byggje ein 80 meter brei dam for å kunne regulere Selsvatnet mellom kote 839 og 841, og slukeevna i Selselva kraftverk skulle aukast frå 1,05 til 1,3 m³/s.

Statsforvaltaren fremja motsegn mot utbyggingsplanane. Vi la vekt på at ei utbygging ville føre til inngrep i eit svært viktig friluftsområde, forringe habitatet til ein raudlisteart knytt til elva, og at det ville stride mot premissar for gjeldande konsesjon.

I den nye søknaden er reguleringa redusert til ein meter, dambreidda er redusert til 15 meter, og det er planlagt regulering utan aktiv tapping for døgnoptimalisering av kraftverket. Det er estimert eit årleg energiutbytte på 3,3 GWh.

Vår vurdering

Dei nye utbyggingsplanane med redusert dam vil redusere dei synlege inngrepa samanlikna med den førre søknaden, men vil framleis innebære reguleringsinngrep i eit nytt landskapsrom i urørt fjellnatur, 600 meter ovanfor eksisterande kraftverksinntak.

Det går fram av fråsegna/motsegna vår til den første planen at ei utbygging vil råke eit svært viktig friluftsområde, eit villreinområde og eit leveområde for ein raudlista elvelevande moseart, og at det òg er geologiske interesser knytt til fjellområdet. Dette går òg fram av, og er dels utdjupa, i ei rekkje andre høyringsfråsegner i saka.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Dei store naturkvalitetane blei, som nemnt i fråsegna vår, vurdert og vektlagt i konsesjonsvedtaket for Selselva kraftverk. Det blei gjort fleire justeringar i konsesjonsprosessen for å redusere landskapsinngrepa, og det blei lagt vekt på å trekkje inntaket så langt tilbake frå knekkpunktet i terrenget, at det ikkje ville kome nye inngrep i dette landskapsrommet/fjellandskapet.

Tilpassingane og omsyna som ligg til grunn for gjeldande konsesjonsvedtak, er gjort etter «en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene». Vi vil igjen understreke at regulering av Selvatnet vil bryte med premissar for denne heilskapsvurderinga.

Vi har vurdert søknaden opp mot rundskriv T-2/16 om miljøforvaltningens innsigelsespraksis. Vi meiner at natur- og friluftsverdiar knytt til Selsvatnet er av nasjonal eller vesentleg regional verdi (pkt. 2a). Tiltaket vil innebere inngrep i eit nytt landskapsrom, som blei ivareteke i den gjeldande vassdragskonsesjonen, og saka reiser prinsipielle spørsmål knytt til dette (pkt. 2b). Den samfunnsmessige nytta vil vere avgrensa; ei regulering vil berre føre til litt auka energiproduksjon, utan at det vil bidra til å auke mengda regulerbar kraft nasjonalt (pkt. 2c). Alternativ løysing er å vidareføre gjeldande konsesjon, som er basert på ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved Selselva kraftverk, og som gir grunnlag for ein vanleg/god småkraftproduksjon (pkt. 2 d).

Statsforvaltaren fremjar, med heimel i vassressurslova § 24 tredje ledd, motsegn òg mot den nye søknaden om regulering av Selsvatnet.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 338
Postboks 7900

6802 FØRDE
5020 BERGEN